



J15: Frå storsiger til stortap.

Det gode J15-laget til Rosendal/Uskedal i 1.divisjon har verkeleg hatt ein start på haustsesongen som det har svinga av. Etter at dei innleia med storsiger over Solid på Stord med 12-3 på tirsdag, var dei søndag klar for ny kamp på søndag. Då var dei til Åsane og møtte Tertnes. Der vart det ein heilt annan kamp!!

Trenar Tor Gundersen seier etter kampen at den bør hengjast på knaggen 'glem den!'. Han fortel at dette var kampen då ingenting stemte for laget, og sjølv om dei endeleg hadde sine sjansar, klarte dei ikkje å laga mål. Scora gorde derimot Tertnes slik at sluttresultatet vart 8-0.

Trenar Gundersen har alt lagt kampen bak seg og ser fram til å 'reise kjerringa' mot eit anna Bergenslag, Bergen Nord frå Salhus, til helga. Kampen går på Rosendal stadion søndag 3.september kl.12. Då gjeld det at heilagjengen vert størst mogeleg.

Desse seks Uskedalsjentene var med også denne kampen: Camilla M. Ripel – Ida Marie K. Eidsvik – Amalie H.Rød – Hanna Tvilde – Thea S. Taranger og Silje Soldal.

Tekst, arkivfoto og nett: Thor Inge Døssland